

Møte tysdag den 26. januar kl. 10

President: L o d v e S o l h o l m

D a g s o r d e n (nr. 44):

1. Forslag fra stortingsrepresentant Tore Nordtun på vegne av Arbeiderpartiet oversendt fra Odelstingets møte 21. januar 1999:
(Jf. Innst. O. nr. 26)
«Stortinget ber Regjeringen snarest foreslå at den gamle fraktutjevningsordningen gjeninnføres inntil en eventuell ny ordning foreligger. Regjeringen bes samtidig om å anvise inndekning for de økte utgiftene ved ordningen.»
2. Forslag fra stortingsrepresentant Øystein Hedstrøm på vegne av Fremskrittspartiet og Høyre oversendt fra Odelstingets møte 21. januar 1999:
(Jf. Innst. O. nr. 27)
«Stortinget ber Regjeringen snarest å legge til rette for at kommunal sektor blir omfattet av lov om offentlige anskaffelser.»
3. Forslag fra stortingsrepresentant Kristin Halvorsen på vegne av Sosialistisk Venstreparti oversendt fra Odelstingets møte 21. januar 1999:
(Jf. Innst. O. nr. 27)
«Det henstilles til Regjeringen å utarbeide retningslinjer for miljøhensyn ved innkjøp. Slike retningslinjer skal inngå som kriterium ved offentlige innkjøp.»
4. Innstilling fra næringskomiteen om eierskap i næringslivet (Innst. S. nr. 77 (1998-99), jf. St.meld. nr. 40 (1997-98))
5. Referat

Presidenten: Representantane Gunnar Halvorsen, Anne Brit Stråtveit, Bjørn Hernæs og John Dale, som har vore permitterte, har igjen teke sete.

Følgjande innkalla vararepresentantar har teke sete:

For Vest-Agder fylke: Rolf Terje Klungland.

For Hordaland fylke: Gard Folkvord.

For Oslo: Anders C. Sjaastad.

For Rogaland fylke: Torill Haaland Horpestad.

For Østfold fylke: Morten Olsen.

Det ligg føre tre permisjonssøknader:

- frå representanten Siri Frost Sterri om permisjon 26. januar for å delta i møte i EFTAs parlamentarisk komite i Brussel
- frå representanten Hans J. Røsjorde om permisjon i tida frå og med 2. februar til og med 4. februar for å delta i møte i regi av Den nordatlantiske forsamling i USA
- frå representanten Jan Tore Sanner om permisjon i dagane 3. og 4. februar for å delta i oljekonferansen «Energy Policy Conference» på Sanderstølen.

Etter forslag frå presidenten vart samrøystes vedteke:

1. Søknadene blir behandla straks og innvilga.
2. Følgjande vararepresentantar blir innkalla for å møte i permisjonstida:
For Akershus fylke: Julie Christiansen.

For Hordaland fylke: Terje Søviknes.

For Sør-Trøndelag fylke: Michael Momyr.

3. Terje Søviknes og Michael Momyr blir innvalde i Lagtinget for den tida dei møter for representantane Hans J. Røsjorde og Siri Frost Sterri.

Presidenten: Michael Momyr er til stades og vil ta sete.

Val av settepresident

Presidenten: Presidenten vil foreslå at ein settepresident blir vald for møta i inneverande veke – og ser det som vedteke.

Presidenten ber om framlegg til settepresident.

John I. Alvheim (Frp): Jeg foreslår Ursula Evje.

Presidenten: Det er gjort framlegg om Ursula Evje som settepresident. Det ligg ikkje føre andre forslag, og Ursula Evje er samrøystes vald som settepresident for møta i inneverande uke.

S a k n r . 1

Forslag fra stortingsrepresentant Tore Nordtun på vegne av Arbeiderpartiet oversendt fra Odelstingets møte 21. januar 1999:

(Jf. Innst. O. nr. 26)

«Stortinget ber Regjeringen snarest foreslå at den gamle fraktutjevningsordningen gjeninnføres inntil en eventuell ny ordning foreligger. Regjeringen bes samtidig om å anvise inndekning for de økte utgiftene ved ordningen.»

Lars Gunnar Lie (KrF): Eg vil koma med ei oppmoding til Arbeidarpartiet om at framlegget som er sett fram av Tore Nordtun på vegner av Arbeidarpartiet, vert oversendt finanskomiteen, slik at det kan handsamast saman med det Dokument nr. 8-framlegget som er innlevert om den same saka. Vi er samde i det som står i framlegget frå Tore Nordtun. Når eg oppmodar om dette, er det rett og slett for å spare tid, slik at vi skal få gjennomført dette så raskt som mogleg.

Tore Nordtun (A): Forslaget fra undertegnede på vegne av Arbeiderpartiet ble lagt fram den 13. januar, og det ble behandlet i Odelstinget den 21. januar. Samme dag ble det fra sentrumspartiene satt fram et Dokument nr. 8-forslag som i realiteten gjelder det samme, innføring av den gamle fraktutjevningsordningen så snart som mulig. Dermed er vi enig i første del av innholdet. Under forutsetning av parallell behandling i komiteen kan vi, for ikke å forsinke denne saken, følge anmodningen om at forslaget blir oversendt til finanskomiteen.

Presidenten: Fleire har ikkje bede om ordet.

Presidenten vil då kome tilbake til behandlingsmåten under voteringa seinare i dag.

(Votering, sjå side 1657)

S a k n r . 2

Forslag fra stortingsrepresentant Øystein Hedstrøm på vegne av Fremskrittspartiet og Høyre oversendt fra Odelstingets møte 21. januar 1999:

(Jf. Innst. O. nr. 27)

«Stortinget ber Regjeringen snarest å legge til rette for at kommunal sektor blir omfattet av lov om offentlige anskaffelser.»

Presidenten: Ingen har bede om ordet.
(Votering, sjå side 1657)

S a k n r . 3

Forslag fra stortingsrepresentant Kristin Halvorsen på vegne av Sosialistisk Venstreparti oversendt fra Odelsstingets møte 21. januar 1999:

(Jf. Innst. O. nr. 27)

«Det henstilles til Regjeringen å utarbeide retningslinjer for miljøhensyn ved innkjøp. Slike retningslinjer skal inngå som kriterium ved offentlige innkjøp.»

Presidenten: Ingen har bede om ordet.
(Votering, sjå side 1657)

S a k n r . 4

Innstilling fra næringskomiteen om eierskap i næringslivet (Innst. S. nr. 77 (1998-99), jf. St.meld. nr. 40 (1997-98))

Presidenten: Etter ønske frå næringskomiteen vil presidenten foreslå at debatten blir avgrensa til 2 timar og 5 minutt, og at taletida blir fordelt slik på gruppene:

Arbeidarpartiet 45 minutt, Framstegspartiet 20 minutt, Kristeleg Folkeparti 15 minutt, Høgre 15 minutt, Senterpartiet 10 minutt, Sosialistisk Venstreparti 5 minutt, Venstre 10 minutt og Tverrpolitisk Folkevalde 5 minutt.

Vidare vil presidenten foreslå at det blir gitt høve til replikkordskifte på inntil 3 replikkar med svar etter innlegg frå hovudtalarane for kvar partigruppe og frå dei parlamentariske leiarane samt 5 replikkar med svar etter innlegg frå medlemmer av Regjeringa.

Vidare blir det foreslått at dei som måtte teikne seg på talarlista utover den fordelte taletida, får ei taletid på inntil 3 minutt.

– Det blir sett som vedteke.

Ansgar Gabrielsen (H) (ordfører for saken): Regjeringen Bondevik fikk sin første eierskapsmelding i retur fra Stortinget. Vi fikk St.meld. nr. 40 for 1997-98 som erstatning, og det er denne vi i dag skal endelig behandle på bakgrunn av Innst. S. nr. 77 for 1998-99.

Innstillingen bærer preg av at stortingsflertallet, bestående av regjeringsfraksjonen, Fremskrittspartiet og Høyre, har en større grad av utålmodighet enn hva Regjeringen og næringsministeren har gitt uttrykk for i meldingen

hva gjelder å tilrettelegge for bedre rammebetingelser for norsk næringsliv innenfor det som har med eierskap å gjøre. Ikke minst merknadene som gir føringer for Regjeringens behandling av flat skatt-utredningen, og da spesielt formuesskatt, bærer bud om at noe kan være i ferd med å skje i regjeringkretser. Det fremkommer gjennom de merknadene Fremskrittspartiet, regjeringspartiene og Høyre har til saksområder som offentlig og privat eierskap og kapitlet om statens eier- og regulatørrolle, at utålmodigheten er til stede, selv om regjeringspartiene ikke støtter forslaget fra Fremskrittspartiet og Høyre om å fjerne formuesskatten innen 2002.

Arbeiderpartiet har i innstillingen i stor grad sine egne merknader og forslag til de nevnte kapitler, og vil i sine innlegg redegjøre for disse.

Det er en samlet komite som peker på viktigheten av å stimulere til et aktivt, privat eierskap som en viktig premis for at det skal være mulig å etablere lønnsomme bedrifter i hele landet. En av hovedutfordringene i tiden fremover vil være å styrke bedriftenes kapitaltilførsel, i særlig grad hva gjelder tilgangen på egenkapital. Den aller viktigste kilden til oppbygging av egenkapital i bedriftene er tilbakehold av overskudd. Dermed kan man slå fast at de rammebetingelsene som blir vedtatt i denne sal, er helt avgjørende for egenkapitalsituasjonen i norske bedrifter.

I en slik sammenheng er det meget viktig å ha for øye at de rammebetingelsene vi fastlegger f.eks. ved beskatning av eierskap gjennom formuesskatten, har et nivå som ikke stiller norsk eierskap i en dårligere situasjon enn konkurrentenes.

Så noen ord om offentlig eierskap. Det statlige eierskap i norske bedrifter er betydelig og vel større enn i noe av de land vi liker å sammenligne oss med. Staten eier litt i overkant av halvdel av alt norsk næringsliv. Dette store statlige eierskapet binder selvfølgelig mye kapital i enkeltbedrifter, og det øker faren for konflikt mellom staten som investor på den ene siden og staten som regulatør på den andre siden. For svært mange av de bedrifter hvor staten er inne på eiersiden, hadde man opprinnelig en begrunnelse for statlig engasjement som der og da var fornuftig. Mange av disse statlige etableringene stilte også Høyre seg bak. Det spørsmålet man må stille seg i dag fra statens side, er hvorvidt begrunnelsen for det statlige engasjement fremdeles er til stede. Hvis det ikke er det, som f.eks. for Telenors del, ja, da bør man i det minste foreta en delprivatisering, eller selge seg mer eller mindre, eventuelt helt ut. Hvis man ikke gjør det, betyr det at man eksponerer seg i altfor stor grad på et begrenset område og kanskje sågar i en enkelt bedrift.

Et annet moment i vurderingen av hvorvidt man skal selge ut statlige andeler i selskaper som er 100 pst. eid av staten, er det faktum at staten i liten grad har en sikker målestokk på hvor veldrevne disse selskapene er, når man ikke har en børs kurs å se hen til. Dette kan føre til at man blir mindre kostnadsbevisst, og i neste omgang reduserer dette konkurransevnen til selskapene, som dermed får sin verdi redusert. Det er ingen tvil om at finansmarkedets overvåking av næringslivet er en konstant an-

sparing til effektiv og lønnsom drift av børsnoterte selskaper.

I forliket for årets budsjett ble det oppnådd enighet om en delprivatisering av Telenor. Dette er et eksempel på et selskap hvor den opprinnelige begrunnelsen fra statens side for eierengasjement er passert for lengst. Den logiske konsekvens av dette har stortingsflertallet allerede tatt, og stadig flere deler dette synet, så vidt jeg har registrert.

Det neste selskapet som bør få en skikkelig gjennomgang fra statens side som eier, er Statoil. Da det norske oljeeventyret startet, var etableringen av selskapet godt begrunnet ut fra den situasjonen vi var i på den tiden med hensyn til både kompetanse- og konkurransesituasjonen i forhold til hva som da var tilfellet. Spørsmålet vi må stille oss i dag, er hvorvidt den opprinnelige begrunnelsen fremdeles er til stede. Etter mitt og Høyres syn er den ikke det. Vi bør nå ta en fordomsfri debatt om statens rolle innenfor norsk oljevirkosomhet og se om engasjementet er tilpasset den ønskede risikoeksponering. I en slik debatt bør vi legge til grunn hvordan vi på best mulig måte kan sikre de verdiene det norske folk har på havbunnen langs vår langstrakte kyst. Det kunne jo tenkes at det var sikrere og bedre måter å forvalte disse ikke fornybare ressursene på enn gjennom et statlig heleid Statoil.

Så noen ord om eier- og regulatørrollen. Det er i dag slik at både eierrollen og regulatørrollen ofte utøves av samme departement. Det er fra flere hold blitt reist kritikk mot departement om hvorvidt disse rollene blandes. Jeg skal ikke her ta stilling til hvorvidt kritikerne har rett eller ei, men bare slå fast at også Regjeringen har merket seg denne kritikken, og det kan jo i seg selv være et første skritt i retning av at noe blir gjort.

For å ta en aktuell sak, Telenor, så hadde det kanskje vært naturlig at næringsministeren – som i Sverige for Teliastatens del – hadde håndtert eierskapsinteressene for staten, og at samferdselsministeren fremdeles hadde håndtert regulatørrollen på teleområdet. Også hensynet til konkurrentene og konkurransen på telemarkedet burde tilsi dette.

Regjeringspartiene og Fremskrittspartiet og Høyre mener at staten bør vurdere å samle alle de statlige eierandelene i ett departement. Jeg håper at statsråden merker seg dette og følger det opp.

Så noen ord om privat eierskap.

Skatte- og avgiftssystemets utforming er av stor betydning for omfanget av aktivt, privat og nasjonalt eierskap. Høyre mener det er viktig å bruke skattesystemet for å oppnå det vi alle ønsker, nemlig et bredt og kompetent privat eierskap. I en slik sammenheng er formuesskatt på næringsformue selve stikkordet. Når det i Norge er slik at det private eierskap står svakere enn hva tilfellet er for våre nærmeste konkurrentland, har dette også – ikke bare, men også – med beskatning av næringsformue å gjøre.

Formuesskatt er og blir skatt på sparing, og færre og færre land benytter seg av denne form for beskatning. Vi kan ikke se på norske vilkår for eierskap uten å se på hva som er vilkårene i andre land. Norske eiere bør selvfølgelig

ikke bli negativt forskjellsbehandlet når det gjelder eierskap, slik tilfellet er i dag. Jeg håper virkelig at næringsministeren vil engasjere seg når Regjeringen skal påbegynne arbeidet med utredningen om flatere skatt. Egenkapitaldannelsen i bedriftene blir i meget stor grad påvirket av de rammebetingelser vi vedtar, gjennom hvilke skatter vi pålegger bedriftene.

Nettopp derfor er det gledelig at regjeringspartiene i komiteinnstillingen sammen med Fremskrittspartiet og Høyre formulerer følgende:

«Flertallet legger til grunn at reduksjon i eller fjerning av formuesskatten vil være et vesentlig bidrag for å styrke norsk privat eierskap i næringslivet, og forutsetter at Regjeringen også tar med dette hensynet i den samlede vurdering av et flatere skattesystem.»

Dette er, hvis det blir fulgt opp, hva som skal til for at norsk privat eierskap skal unngå den negative forskjellsbehandlingen som man opplever i dag. Hva er argumentet for at Regjeringen i dag ikke kan ha en slik ambisjon? Næringsministeren vil sikkert gi et svar på dette senere.

Hvis Sponheim ønsker seg en bauta over seg selv som næringsminister, og det ser jeg ikke bort fra, skal han bare sørge for at formuesskatt på næringsformue forsvinner snarest mulig. Regjeringens gjennomgang av utredningen om flatere skatt og stortingsflertallets påpekning angående formuesskatt skulle være det beste fundament for en slik bauta. Det som trengs, er et engasjement fra næringsministerens side. Her i salen vet han at han har alliansepartnere.

Et annet område i skatte- og avgiftspolitikken som har betydning for det private næringslivet, og da familiebedriftene i særdeleshet, er arveavgiften. For mange familiebedrifter blir denne ofte en så stor belastning at man velger å selge seg ut. Høyre mener at summen av arveavgift og dokumentavgift ved generasjonsskifter i familiebedrifter er for høy. Jeg håper at det utvalget som Regjeringen har satt ned for å se på dette, snart vil konkludere, og at Regjeringen snarest mulig gjør noe operativt. En måte å se på dette med arveavgift på er å ha andre avgiftssatser på det som gjelder bedrifter og produksjonsmidler i forhold til mer likvide arveobjekter.

Skal vi få til etableringer av lønnsomme bedrifter fra landsende til landsende, må vi komme over i den situasjon at det blir interessant å starte bedrifter. Det må bli slik at det for ungdommen blir mer interessant å starte en bedrift enn å ta seg fast arbeid. Vi trenger gründere, vi trenger etablerere, vi trenger folk med pågangsmot. Det er vårt ansvar å legge til rette virkemidler slik at disse menneskene kan gjøre det vi alle ønsker, nemlig starte en bedrift. Jeg håper behandlingen av denne stortingsmeldingen er et bidrag i så måte.

Presidenten: Presidenten lurer på om representanten har tenkt å ta opp det forslaget som Høyre og Framstegspartiet har i innstillinga.

Ansgar Gabrielsen (H): Jeg tenkte å være generøs og la det største partiet få lov til å fremme det.

Presidenten: Greitt!

Det blir replikkordskifte.

Rita Tveiten (A): I ein merknad har Høyre og Framstegspartiet framheva at sterkare privat eigarskap er ein føresetnad for å vitalisera norsk næringsliv og stimulera til auka produkt- og næringsutvikling.

Hovudtyngda av norsk næringsliv er prega av ein struktur med små og mellomstore bedrifter, og mange av desse har det fellestrekket at dei manglar kapital og kompetanse for å få til vesentleg produkt- og næringsutvikling utover dagens nivå. Og det er nett her dei treng offentleg støtte for å koma vidare. Hadde det ikkje vore meir på sin plass å streka under behovet for eit samspel mellom det offentlege og dei private næringsutøvarane for å få til nyskaping, enn å skapa det inntrykket at staten er eit hinder? Eller er det slik å forstå at Høyre meiner at norsk næringsliv greier seg betre utan den støtta staten yter gjennom ulike støtteordningar, som Teknologisk Institutt, Norsk Designråd, Norges Eksportråd, NORTRA osv., samt den monalege næringsretta forskinga som skjer i offentleg regi?

Det er eigentleg dette som ligg til grunn for at Høyre var ein pådrivar for å få lagt ned rettleiingstenesta for bedriftene. Eg forstod det slik på Høyre at dei ynskte at me skulle få fleire gründarar. Då må det òg vera mogleg å innsjå at det er behov for eit støtteapparat for at dei skal koma opp å stå.

Ansgar Gabrielsen (H): Den meldingen som vi har til behandling i dag, er først og fremst en eierskapsmelding. Det er en melding om hvordan det offentlige kan tilrettelegge for at vi skal få et solid norsk eierskap, og særlig er dette viktig for oss i Norge, hvor det private eierskapet faktisk står svakest sammenlignet med samtlige land i Europa.

Når det gjelder det Tveiten tar opp, om det ikke hadde vært viktigere for Høyre å se på alle de virkemidlene vi har for næringsetablering, samspeillet mellom det statlige og offentlige og dette med forskning, vil jeg si at det ene ikke utelukker det andre. Både NORTRA, Eksportrådet, TI og hele den bøtdeballetten har jo hatt Høyres støtte. Det er ikke slik at Høyre på noen måte har foreslått å radere ut disse. Det er klart det er viktig med disse støtte tiltakene for å initiere ny næringsvirksomhet, men det aller viktigste er at vi har et fundament for de bedriftene som tross alt går godt i dette landet. Det er så mye enkle å ha en knoppsskyting og en utvikling ut fra disse bedriftene enn å bruke store ressurser for å få på beina nye arbeidsplasser. Men det betyr ikke at man skal gjøre det ene *eller* det andre. Det aller viktigste er og blir å ta vare på det mangfold av næringsliv som vi har av både store og små bedrifter. Dernest er det viktig at vi bruker ressurser på å initiere ny næringsvirksomhet. Ikke minst innenfor forskning ligger vi langt tilbake. Der er det få, holdt jeg på å si, i denne salen som har mye å skryte av. Her ligger vi langt tilbake. Og skal vi møte den situasjonen som vil oppstå når oljealderen går mot slutten, er det viktig at vi i dag satser på forskning. Det er en utfordring

som jeg tror et samlet storting vil ta. Det er i hvert fall en utfordring som Høyre tar.

Karin Andersen (SV): Jeg registrerer at Høyre er mest opptatt av dem som har, og av de bedriftene som går godt, når de diskuterer eierskap, mens de ellers forsøker å gi inntrykk av at de er mest opptatt av nyskaping og entreprenørskap. Det er ikke så mange som kan ha god samvittighet når det dreier seg om forskning, sier representanten fra Høyre. Og det er riktig. Men jeg føler at SV er et av de partiene som faktisk kan ha det.

Når en leser om tiltakene i stortingsmeldinga og det komiteen har brakt fram under behandlinga av saken, er det fint lite av de tiltak som skal til for å framskaffe ny næringsvirksomhet – forskning, utdanning, kompetanse. Derimot fremmer man en slags forestilling om at kompetanse pr. naturlov finnes i private bedrifter, og at hvis man får flere og flere private eiere, så kommer denne kompetansen på en måte av seg sjøl. Dette er en litt lite målrettet strategi, så jeg kunne tenke meg å spørre representanten Gabrielsen om han ikke ser at dersom vi nå skal skape de arbeidsplassene vi skal leve av i framtida, er det en sikrere strategi å satse på utdanning og forskning, bruke penger på det, og støtte dem som driver med nyskaping og entreprenørskap, i stedet for å gi skattelette til bedrifter som går bra, og til personer som har en levestandard de fleste i dette landet kunne misunne dem.

Ansgar Gabrielsen (H): La meg begynne også dette svaret som jeg gjorde etter den første replikken: Dette er en stortingsmelding om eierskap. Dette er ikke en bredt anlagt melding om hva vi bør gjøre for å initiere ny virksomhet. Nå er det slik at SV ikke er representert i næringskomiteen. De har ikke funnet det så viktig å være til stede der, men har prioritert annerledes. Men i næringskomiteen har vi faktisk til behandling en næringsmelding som tar for seg hele det spekteret, og alt det som representanten etterlyser, vil bli behørig belyst og nedfelt i innstillingen om den. Det er ingen tvil om at utdanning og forskning er noe av det beste vi kan investere i for framtiden. Det er viktigere enn om en bevilger 5 mill. kr mer eller mindre til enten NORTRA, TI eller hva det måtte være. Det er ingen tvil om at det å omforme en del av oljerikdommen i alle våre hoder, er meget viktig.

Men som sagt, denne meldingen dreier seg om på hvilken måte vi kan sikre et solid, aktivt eierskap i norsk næringsliv. Da er det et naturlig anliggende, etter at man liksom har slått fast at det private norske eierskapet står meget svakt og det statlige står meget sterkt, at både meldingen og innstillingen konsentrerer seg om disse tingene. Og det er ingen tvil om, tror jeg i hvert fall, at skal vi i framtiden få et mangfold i næringslivet, er det viktig at vi går kritisk til verks i forhold til de store statlige engasjementene som er konsentrert om få, store bedrifter. Jeg vil bare minne om at den norske verdien av det som ligger innenfor Telenor, er på 115 milliarder kr, og at det samlede beløpet som SND Invest har spredt på 250 bedrifter, er 2 milliarder kr i eierandeler. Så staten har i vel-

dig stor grad konsentrert seg om veldig få. Tiden er kommet til å revurdere slike standpunkt.

Leif Helge Kongshaug (V): Vi bor i et langstrakt land, og vi har spredt bosetting. Det vil være kjent for alle. Det er også en kjensgjerning at en betydelig del av verdiskapingen skjer i Distrikts-Norge. Dette er faktisk av stor nasjonal verdi og ikke bare av verdi for det enkelte lokalsamfunn som dette gjelder. Det er viktig å legge godt til rette for private bedrifter og næringsvirksomheter. Disse bygdesamfunnene er også helt avhengige av en velfungerende infrastruktur, det er offentlige tjenester som helse, skole, osv., men det er også infrastruktur som vei, telefon, telekommunikasjon og slike ting som må til for at et samfunn skal fungere.

Vi kjenner nå til intensjonen i avtalen mellom Telenor og Telia som går på at det skal være minst 33,4 pst. på den norske stats hender, og minst 51 pst. under offentlig styring. Jeg merket meg at representanten var inne på den problematikken en del, og mitt spørsmål er: Er Høyre enig i at det er en sikkerhet for infrastrukturen i små, verdiskapende distriktssamfunn, og at vi her er best tjent med at Telenor er delprivatisert og ikke helprivatisert? Kan jeg få et svar nettopp på det, slik at det er klart fra Høyres side?

Ansgar Gabrielsen (H): Om man kan forvente å få et klart svar? Vel, det vil vel ha samme klarhetsgrad som de svarene som venstrestatsrådene har gitt i forbindelse med denne saken, vil jeg anta. Når representanten innledningsvis slår fast viktigheten av infrastruktur for at man skal kunne ta hele landet i bruk, hersker det ingen tvil om det. Det er vi alle enig om. Så er det neste: Er man villig til å prioritere dette? Det som etter mitt skjønn faktisk har vært problemet med denne regjeringen – og det har vist seg gjennom høstens budsjettbehandling – er at så ikke er tilfelle. En av de tingene som etterspørres i aller største grad av næringslivet i distriktene, er en infrastruktur når det gjelder samferdsel, som gjør at det distriktshandikappet man har ved at man er langt fra markedene, kan reduseres.

Derfor har Høyre i sitt alternative budsjett satset meget tungt nettopp på samferdsel. Som Kongshaug vil være kjent med, fikk vi lite gjennomslag for det i den budsjettavtalen som ble den endelige.

Når det gjelder tele, er det klart at telekommunikasjon er en meget viktig del av næringslivets infrastruktur også i distriktene. I hvilken grad man skal legge bånd på et av de selskapene som skal operere i telemarkedet hva gjelder prising, lik prising og forskjellig prising, er mitt utgangspunkt at som statlig eier skal man i hvert fall være forsiktig og vite hva man gjør i så måte, for det er ikke noen grunn til at man skal legge større byrde på et slikt selskap enn det man kan gjøre på andre, tilsvarende selskap. Jeg tror først og fremst samferdselsministeren gjennom regulatørrollen i hele det markedet må legge premisser slik at samtlige selskaper som konkurrerer, må ta de samme hensynene. Å legge et ensidig handikap på et selskap fordi vi tilfeldigvis er eiere, tror jeg ikke er rette veien å gå.

Presidenten: Dermed er replikkordskiftet over.

Kjell Opseth (A): Etter ei tilleggs melding om eierskap i næringslivet som Regjeringa fekk i retur, skulle ein tru at Regjeringa hadde makta å meisle ut ein politikk på området i ei ny stortingsmelding. Slik er det ikkje. På dei områda der ein gjer greie for den faktiske situasjonen, er naturleg nok St.meld. nr. 40 for 1997-98 frå regjeringa Bondevik identisk med St.meld. nr. 61 for 1996-97 frå regjeringa Jagland. Derimot er satsinga i St.meld. nr. 61 heilt borte. Det er faktisk slik at ein berre ser familiebedriftene som dei som skal løyse utfordringa, og skattepolitikken. Det er dessverre eit dårleg utgangspunkt.

Vi er i ei tid med store teknologiske endringar og med aukande globalisering. Det kan difor vere heilt avgjerande for utviklinga av Noreg som industrinasjon at staten har ein strategi på det viktige området som eigarskap er. Nasjonal eigarskap er isolert sett ikkje noko mål i seg sjølv. Det kan likevel ikkje herske tvil om at Noreg som ein liten nasjon må ha somme store livskraftige industri-lokomotiv med sterk nasjonal eigarskap og med hovudkontor i Noreg.

Kva skjer? Nycomed er flytta ut. Kværner har flytta sitt hovudkontor til London. Telenor er på veg til Stockholm. Og fleire døme kunne nemnast. Eg seier ikkje at dette nødvendigvis er gale, men vi må vere klar over kva som skjer, og kvifor. Vi kan ikkje la dette utvikle seg utan at storting og regjering har oppfatningar om behovet for nasjonal eigarskap. Dersom utviklinga skal skje i tråd med Høgre og Framstegspartiet sine politiske synspunkt, er eg redd for at norsk næringsliv i framtida i stor grad vil vere styrt frå andre land. Det kan gå bra, men det er i alle høve risikofylt, ikkje minst i den tida vi no er inne i.

Det er grunn til å peike på at næringslivet er inne i ein sterk omstillingsperiode som blir driven fram av marknadsintegrasjon og av teknologiske nyvinningar. Dette og den aukande globaliseringa fører med seg at norsk næringsliv får ekstra store utfordringar i utkanten av eller langt unna dei store marknadene.

Eigarskap er ein viktig konkurransefaktor, difor må staten ha ein politikk på dette området. Det må leggast til rette for ein balansert og mangfaldig eigarskap med naudsynt innslag av nasjonal eigarskap.

Det er mange faktorar som er avgjerande for utviklinga av næringslivet generelt og eigarskapen spesielt. Det er dei samla rammevilkåra som blir meir og meir avgjerande for om verksemdar lokaliserer hovudkontoret sitt til Noreg eller til andre land. I ei tid med aukande globalisering seier det seg sjølv at det er uråd over tid for Noreg å ha rammevilkår som er vesentleg annleis enn i andre land.

Synet på offentlig eigarskap er normalt det området der det er størst politisk strid. Eg må vedgå at vi er ikkje så lite forundra over at regjeringspartia her står saman med Høgre og Framstegspartiet. Det er nesten oppsiktsvekkjande at Senterpartiet no er like ivrig til å privatisere statlege bedrifter som høgrepartia. Det er grunn til å spørje om Senterpartiet no har forlate tanken om at staten skal brukast aktivt i næringspolitikken også på eigarsida.

Eg vil understreke at Arbeidarpartiet aldri har hatt noko religiøst tilhøve til statleg eigarskap. Vi har alltid meint at statleg eigarskap skal nyttast til å sikre sysselsetjing og verdiskaping i Noreg. Når statleg eigarskap er meir omfattande i Noreg enn elles i Europa, må ein sjå dette i eit historisk perspektiv, ikkje minst må ein sjå dette i lys av at det har vore stor politisk vilje til at staten skal yte fødselshjelp til nye bedrifter av ulike karakter. Slik har det vore, og slik vil det bli. SND og SIVA er dei mest kjende verkemidla vi har på dette området. Begge er aktive deltakarar på eigarsida på ulike måtar. Slik vil det og skal det vere også i framtida.

Tilgangen på risikokapital er avgrensa i vårt land, sjølv om tilgangen på kapital er god. Det er ikkje utan grunn at det så seint som dei siste åra har vore fremja forslag om nye ordningar på dette området. Eg har då dei nye såkornfonda i tankane. Arbeidarpartiet meiner tilgangen på risikokapital må bli endå betre. Det er i lys av dette ein må sjå forslaget om eit investeringsselskap i partnerskap mellom private og staten.

Det kan ikkje overraske nokon at staten yter fødselshjelp til norsk næringsliv på denne måten.

Eg har ikkje høyrte nokon som i fullt alvor hevdar at staten ikkje skal medverke til å få nye verksemdar opp å stå eller å delta i FoU. Det forundrar meg difor at Arbeidarpartiet sitt forslag om å opprette eit investeringsselskap og eit teknologifond ikkje får støtte frå dei andre partia. Det kan vel ikkje vere slik at det berre er Arbeidarpartiet som ser det store udekte behovet for risikokapital og for å ta i bruk ny teknologi. Vi ser behovet på dette området for å vere så stort at vi fremjar eit eige forslag, som eg med dette tek opp. Det vil vere sørgjeleg om vi blir ståande åleine om å røyste for dette forslaget, men ikkje overraskande.

Eit av argumenta mot statleg eigarskap er at staten blandar eigarrolle og regulatørrolle. Eg vil våge den påstanden at dei angrepa som her er komne, er meir politisk motiverte enn reelle. Det å ha regulatøroppgåvene i eitt departement og eigaroppgåvene i eit anna er ei ordning ein gjerne kan prøve. Eg vil likevel peike på at til sjuande og sist er dette eit regjeringsansvar, heilt uavhengig av kva departement som utfører dei ulike oppgåvene. Det viktigaste må vere at det er tillit til at ein ser desse oppgåvene uavhengig av kvarandre. Det er dessutan slik at forvaltninga ved å dele dette mellom to departement kan gå glipp av viktig fagleg informasjon. Difor må den ordninga ein vel på dette området, vurderast nøye før ein gjer store endringar.

Det kan stillast fleire spørsmål om staten er ein god og profesjonell eigar. Mange kan med rette seie nei. Staten, som andre, må i sin eigarskap, ha klare mål for dei ulike verksemdene. Staten har vidare vanskar med å definere ein langsiktig og god eigarstrategi for dei enkelte verksemdene. Skal dei som staten vel inn i styret i dei ulike bedriftene, gjere ein fullgod jobb, bør slike mål og strategiar liggje føre. Utan vil eit styre i liten grad kunne utøve sin styrefunksjon med tyngd. I dei tilfella staten har sektorpolitiske mål med sin eigarskap, bør desse framgå av vedtektene eller i formålsparagrafen.

Så nokre få ord om utbytte. Statsbedriftene, som andre, har behov for stabilitet i den utbyttepolitikken eigaren fører. Det må liggje ei langsiktig tenking bak utbyttepolitikken. Har ei verksemd behov for kapital til lønsame investeringar, bør ein vere varsam med å ta ut utbytte. Har verksemdene derimot større fri eigenkapital enn det det strengt teke er trong for, kan ein ta ut meir i utbytte. Men kanskje det viktigaste av alt er at storting og regjering ikkje må bruke utbytte frå statsbedriftene til å dekkje inn naudsynte utgifter. Det er kanskje det som gjer at leinga i dei fleste statsbedriftene ønskjer privatisering.

I ei tid då det synest meir og meir aktuelt å selje ut delar av staten sin eigarportefølje, må dette skje etter grundige og konkrete vurderingar. Når Stortinget har gjeve Regjeringa fullmakt til å selje aksjar, må Stortinget ha krav på å få ei grunngeving for kvifor ein har valt å selje dei ulike eigardelane.

Staten er og vil vere ein stor eigar i norsk næringsliv. Det er viktig at vi er oss bevisste så vel når vi skal gå inn som eigar, som når vi skal selje. Ikkje noko er statisk. Det som var rett i går, kan måtte endrast i morgon. Det har vi ikkje minst fått oppleve den seinare tida. Difor er eg ikkje noko særleg i tvil om at Arbeidarpartiet er innstilt på å diskutere statleg eigarskap i ulike verksemdar ut frå den situasjonen verksemdene er i til kvar tid, men ikkje ut frå ideologiske synspunkt, som andre parti i den salen legg til grunn.

Presidenten: Kjell Opseth har teke opp det forslaget han refererte til, som er tatt inn i innstillinga.

Det vert replikkordskifte.

Øystein Hedstrøm (Frp): Arbeiderpartiet har inntatt i sine merknader at det skal være et hovedmål for Norge å være et attraktivt investeringsland. Opseth fulgte opp dette i sitt innlegg, og sa at konkurransedyktigheten i norske bedrifter ikke må skille seg vesentlig ut fra konkurrentlandenes. Det står også i Arbeiderpartiets merknader at bedriftsskattesystemet i Norge samlet sett er gunstig i forhold til i konkurrentlandene.

Nå har flat skatt-utvalget sett på dette, og det viser seg at det er riktig at vi har de laveste formelle skattesatser på selskapsoverskudd, sammen med Sverige og Finland. Dette utvalget sier samtidig at det er et bredere skattegrunnlag i Norge enn i de fleste OECD-land, og at bedriftsskatten utgjør en større andel av skatteinntektene i Norge enn i de fleste OECD-land. Men det er på ett område vi skiller oss ut, og det gjelder formuesskatten. Det sier Arbeiderpartiet svært lite om. Mange næringsdrivende, også utenlandske interessenter, hindres i å investere i Norge på grunn av den særnorske formuesskatten. Andre land har ikke formuesskatt, eller den inntretr på et langt høyere formuesnivå. Mener ikke Arbeiderpartiet at redusert formuesskatt vil være et viktig incitament for å stimulere til investeringer?

Så til det Opseth sa når det gjelder å diskutere statlige eierandeler. Det er kommet veldig uklare signaler fra Arbeiderpartiet, bl.a. når det gjelder Statoil. Ute i Europa er denne privatiseringsprosessen kommet langt – Norge er

faktisk en bremsekloss i denne utviklingen – og sosialdemokratiske partier deltar i Europa. Vil ikke Arbeiderpartiet gå mer konkret inn for å avhende statlige eierandeler i statlig virksomhet?

Kjell Opseth (A): Det burde ikkje vere nytt for representanten Hedstrøm at vi har eit noko anna syn på eigarskap enn Framstegspartiet. Vi har ikkje det religiøse forholdet til kven som eig bedrifta, anten det er staten eller private, det viktigaste for oss er at desse bedriftene medverkar til verdiskaping og sysselsetjing – og det trudde eg faktisk det var for dei aller fleste.

Som eg sa i mitt hovudinnlegg, har ikkje vi eit slikt religiøst forhold til statleg eigarskap som Framstegspartiet har til privat eigarskap. Vi må i kvart enkelt tilfelle sjå etter kva som gagnar landet vårt best. Eg kan forsikre representanten Hedstrøm om at det skal vi også gjere i framtida, og dersom det viser seg etter ein gjennomgang at det gagnar Statoil og landet vårt best å sjå på om det skal skje endringar i eigarstrukturen, kan eg love representanten Hedstrøm at det skal vi gjere. Vi skal sjå på det dersom det kan dokumenterast at det trengst endringar.

Så til formuesskatt. Ja, dette med skatt er blitt et stort tema. Eg vil tru at dei aller fleste verksemdene i dette landet har ei målsetjing om å frambringe eit overskot som gjer det mogleg å yte skatt. Difor er det andre rammevilkår eg meiner er langt viktigare for norsk næringsliv enn skatt, som det er denne enorme diskusjonen om.

Anita Apelthun Sæle (KrF): Det er ikkje så mykje overraskande i dei merknadane som komiteen har kome med til denne innstillinga, og heller ikkje i innlegga for så vidt. Arbeidarpartiet trur framleis mykje på statleg eigarskap, Høgre og Framstegspartiet trur meir på privat eigarskap – og sentrum vil taka vare på det beste i begge eigarformene.

Men på eitt område stussa eg. På side 9 i innstillinga har Arbeidarpartiet ein særmerknad, og dei avsluttar den med å merka seg det Regjeringa uttalar om familiebedriftene – ein nøytral og inkjeseiande merknad om dei viktige, stabile og i stor grad distriktplasserte familiebedriftene i Noreg. Fleirtalet, sentrum, Høgre og Framstegspartiet, følgjer opp det Regjeringa seier om gunstige reglar ved generasjonsskifte som står for døra, vi meiner at rammevilkåra ikkje må slå beina under familiebedriftene, og at kostnadene ved arveavgift og dokumentavgift må reduserast. Kva meiner Arbeidarpartiet om familiebedriftene sin situasjon? Av inkje kan ein logisk nok slutta inkje, men eg kan ikkje tru at dei ingenting meiner.

Kjell Opseth (A): Det kan gjerne etterlyst lange merknader om familiebedriftene, men det er no eingong slik at når ei stortingsmelding til den grad fremjar familiebedriftene som nærmast det einaste rette i norsk industri og næringsliv, er det ikkje nokon grunn til å utbrodere det noko meir i innstillinga. Vi har sagt at vi har merka oss – og vi er fullstendig klare over – at mange av dei små og mellomstore bedriftene er familiebedrifter, sjølv om vi ser ei utvikling på det området også, der det blir

fleire eigarar ved at dei spreier eigarskapen. Og det synes eg er positivt. I den grad det er råd å bli samde her i salen, skal vi nok i fellesskap sørgje for dei rammevilkåra dei ulike typene bedrifter må ha. Men at familiebedriftene skal ha vesentleg andre rammevilkår enn andre verksemdar i dette landet, trur eg ikkje det er nokon her i denne salen som meiner, sjølv om sentrumspartia prøver å framstille det som at dei tar heilt spesielt omsyn til familiebedriftene. Eg er nokså sikker på at når det kjem til røynda, ser dei likt på alle verksemdar, anten det er AS med ulik eigarstruktur eller det er reine familiebedrifter.

Per-Kristian Foss (H): Til det siste vil jeg bare bemerke at nå er vel ikke arveavgiften noe vesentlig problem for Norsk Hydro og tilsvarende bedrifter, men det vil nok komme frem etter hvert også i Arbeiderpartiets politikk.

Ellers har Opseth brukt dette innlegget på å forsikre at Arbeiderpartiet ikke har noe særlig forhold til religion. Det var vel ikke noe overraskende. Men jeg forstår at man har et forhold til nytenkning. For å si det som Kåre Willoch sa i et intervju relativt nylig: Arbeiderpartiet kommer etter i alt Høyre har ment, etter ca. ti-tolv år. Han har en viss oversikt over det, og Telia/Telenor-saken var jo en god eksemplifisering.

Men det interessante er at nytenkning på mange måter kommer fra sosialdemokrater som har forlatt bevegelsen. Sosialdemokrater som nå sitter i posisjon i statselskaper og har erfart statsselskapenes form, ber om privatisering. Man skulle tro at det kanskje påvirket Arbeiderpartiet noe, og jeg har registrert et lys, en viss forhåpning, i hr. Opseths uttalelser i dagens morgensending i radio, hvor han peker på at Statoil har vært gjenstand for kompromisser både på 1970-tallet, på 1980-tallet og nå på 1990-tallet. Vi begynner å nå slutten av 1990-tallet, så det begynner jo å haste for å få en kronologi i dette, men jeg registrerer at Opseth åpner for at tiden er inne til å vurdere situasjonen på nytt. Mitt spørsmål er da om det betyr at det kan skje på 1990-tallet, eller om det er avhengig av at Arbeiderpartiets program må være utgått på dato først, for i aviser i dag ser jeg at partilederen sier at i denne stortingsperioden kan det ikke skje noen nytenkning. Om det er riktig, skal ikke religionen ha skylden for det, men partiprogrammet.

Til slutt bare følgende lille bemerkning når det gjelder å skille reguleringsrollen og eierrollen. Det er ikke riktig at det ikke er et stortingsansvar. Selvfølgelig er det Stortingets ansvar å ha en prinsipiell oppfatning om det, for det har noe med styringen av statens finanser å gjøre. Men det er helt riktig, hvis jeg kan tolke representanten Opseth slik når det gjelder hvorledes det skal iverksettes, altså under hvilke departementer, at det er et regjeringsansvar. Og den nyansen er meget vesentlig.

Kjell Opseth (A): Til representanten Foss vil eg seie at Arbeidarpartiet har eit visst forhold til religion, men ikkje så sterkt at vi ikkje er villige til å vurdere andre sider ved ulike saker. Derimot har eg inntrykk av at Høgre har eit heilt religiøst forhold til staten som eigar, og det

er at den skal eige så lite som råd er – det har dei hatt så lenge som eg har vore i denne salen, og det er omtrent like lenge som representanten Foss. Og det representanten Foss seier i dag, det sa han også for godt og vel 17 år sidan, så det er ikkje mykje endring og nytenking i den leiren. Eg trur det er langt viktigare at vi til kvar tid er villige til å tenke nytt etter som ting forandrar seg, og ikkje har ei statisk tilnærming til det meste utan omsyn til utviklinga.

Eg kan forsikre representanten Foss om at dersom det er behov for å sjå på Statoils eigarskap – noko som eg ikkje er sikker på, men eg har registrert at det er teke opp av leiinga – er vi villige til å gå inn i den debatten. Statoil er ein så viktig reiskap i vår oljepolitikk at det er nødvendig at det er eit breitt politisk fleirtal bak den strukturen selskapet har til kvar tid. Det var eit forlik i byrjinga på 1970-talet, det var eit forlik i 1984, og eg har sagt tidlegare i dag at eg ikkje ser bort frå at tida kan vere inne for å sjå på eit nytt forlik.

Presidenten: Replikkordskiftet er omme.

Øystein Hedstrøm (Frp): Stortingsmeldingen om eierskap i næringslivet betraktes som en tafatt historie. Den er både profilløs og skuffende, skal vi tro uttalelsene fra mange næringsdrivende som hadde ventet seg noe mer.

